



**Nordhordland Indremisjon**

Med Guds ord til folket

## Årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet i Nordhordland Indremisjon, 2013

### Tilsette i barne- og ungdomsarbeidet:

#### **Administrasjon:**

**Ungdomskonsulent:** 70 % stilling. Solveig Hosøy vikarierte for karen sofie i tidsrommet august – desember)

**Barnekonsulent:** 100 % stilling januar – desember  
Bjarte Vesetvik

#### **Andre tilsette:**

**Barne og ungdomsarbeidar:** 15 % stilling august - desember  
Siri Elisabeth Bernssen

**Barne og ungdomsarbeidar:** 15 % stilling august - desember  
Aslaug Hetlebakke

#### **Stasjonerte områdearbeidarar:**

Masfjorden 10 %: Gunvor Fyllingsnes

Arna 70 %: Ida Daviknes Borge

**Sommararbeidarar på Raknestunet:** 100 % stilling i 10 veker:

Siri Elisabeth Bernssen

Olav Andre Soltveit

Hans Roger Hosøy

### LOKALLAGS-ARBEIDET:

#### **Faktiske tal**

71 barne- og ungdomslag er lag er innmeldt hos oss. Av desse er 4 barnelag, 3 førskulelag, 20 yngreslag, 4 yngsteslag, 7 barne- og ungdomskor, 8 Mini Ving - og Ving, 15 In`Puls og 10 ungdomsforeiningar.

Samla medlemstal for betalande medlemmar i 2013 er 1024 (født i 1986 eller seinare). Samla rapportert medlemstal (betalande + ikkje betalande) i 2013 er 998. Totalt 44 lag har levert medlemslister for 2013.

#### **Lagsbesøk**

Arbeidarane i administrasjonen, barne- og ungdomsarbeidarane, områdearbeidarane og fritidsarbeidarar fordeler besøk til lokallaga mellom seg. Alle lag som ynskjer får 1-3 besøk kvart semester.

**Formålet** med å besøke laga som er innmeldt hjå oss er å kunne vere til støtte, inspirasjon og utrustning for dei frivillige leiarane som driv laga. Vidare er det viktig for oss å møte borna og ungdomane som er i laga, og skape ein kontakt med dei inn mot leirarbeidet. Mange av borna møter vi både på leir og på lokallag.

På eit "besøk" deltek vi i lagssamlinga med andakt og eventuelt aktivitetar som leik, allsong, hobby, leirreklame osv., alt etter kva som er ynskjeleg frå lokallaget.

### **Samlingar og kontingent**

Dei ulike laga har samlingar ein gong i veka, kvar 14. dag eller ein gong i månaden.

Lagssamlingane er alltid open for alle, uavhengig av medlemsskap, og alle som kjem får same tilbod til aktivitetar osv. Vidare blir dei som kjem oppfordra til å betale medlemspengar, men det er ingen føresetnad for å vere med i laget.

Kostnaden ved å være medlem varierar i dei fleste laga frå 50 kr til 100 kr i semesteret. Nokre lag tar ikkje medlemskontingent i det heile, og synest det er vanskeleg å skulle krevje inn pengar frå dei som går der. Dette gjer at det er fleire barn og ungdom som går på laga våre enn som blir rapportert inn.

### **Om laga**

Enormt mange frivillige står på veke etter veke, år etter år, for at lagsarbeidet skal vere mogleg. Det er ein enorm innsats som vert lagd ned, og det er eit stort pågangsmot å finne! Sjølv i denne tida der dei aller fleste er travle med seg sjølv og sitt, prioriterer mange å vere med som frivillig leirar. Vi er svært takksame for at menneske enno er villige til å gjere ein innsats for barna og ungdomane i organisasjonen vår. Det er viktig prioritering av tid, og vi ynskjer å støtte og hjelpe alle som tar på seg denne oppgåva.

Born og unge treng å kjenna tilknytning til fellesskap, kontakt med trygge, stabile leiarar, og dei treng også gode førebilete. Laga arbeider for at medlemmane skal verta betre kjende med budskapen i Bibelen, og at dei får utvikla seg sjølve og evnene sine gjennom kreative og gode aktivitetar.

Barne- og ungdomsavdelinga ynskjer å jobba for at det skal kunne skapast og oppretthaldast gode og tette band mellom barne- og ungdomsavdelinga på krinsplanet, dei lokale barne- og ungdomslaga og leirplassen vår, Raknestunet.

### **Økonomi**

Kostnaden ved å støtte, inspirere og utruste lokallaga gjennom lagsbesøka dette år utgjør rundt kr 350290, . Ein har då rekna 1,5 lagsbesøk i gjennomsnitt på barnekonsulenten, to lagsbesøk pr veke på ungdomskonsulenten, 5 lagsbesøk i månaden på barne- og ungdomsarbeidarane og 100 lagsbesøk i året til saman på praksiselevane.

## **LEIRARBEIDET**

### **Faktiske tal**

Nordhordland Indremisjon arrangerte 23 leirar på Raknestunet Ungdomssenter i 2013. Av desse var det 1 minileir (1.-2. klasse), 4 yngstesleirar (3.-4. klasse), 1 dyreleir, 1 vinterferieleir, 1 sommarferieleir og 1 haustferieleir (alle for 4.-6. klasse), 3 yngresleirar (5.-7.

klasse), 2 betweenleirar (6.-7. klasse), 3 tenåringsleirar (8.-10. klasse), 3 ungdomsleirar (frå 10. klasse og oppover), 1 19+ -leir (frå 19 år og oppover) og 1 familieleir. Samla deltakartal på desse var ca 1200 deltakarar.

På kvar leir har me 10-12 leiarar, fordelt på kjønn og alder. Her er det stor eigeninnsats både frå foreldre/føresette og andre frivillige då vi til saman har rundt 160 frivillige leiarar i leirarbeidet vårt kvart år. Utanom leiarane er det også med 2-4 kjøkkenhjelp på kvar leir, og på familieleirane er det 8-14 barnepassarar (avhengig av alder på borna på leiren). For å vere kjøkkenhjelp og barnepassar må ein vere 13 år eller eldre.

### **Økonomi**

Kostnadane ved leirane for NHI dette året er rundt kr 704400.

Ein reknar då at det er 2 tilsette på kvar leir, og at ein om sommaren har 3 sommararbeidarar utanom dette. Prisen deltakarane betalar for leir er satt under kostpris, slik at det skal vere så lave prisar at flest mogleg barn og unge har moglegheit for å reise på leir. Det er pengegaver frå frivillige som dekker inn dei resterande kostnadane.

### **ANDRE ARRANGEMENT utanom lokallagsarbeid og leirarbeid:**

**Tal på Barne- og Ungdomsavdelinga sine arrangement 2013: 29**

**Tal på arrangement der ein er medarrangør: 0**

### **Barnas Nyårsmøte**

I samband med Nordhordland Indremisjon sitt nyårsmøte på i Knarvik 11.-13. januar, arrangerte BUR i samband med barne- og ungdomsavdelinga barneopplegg laurdag og søndag som gjekk parallelt med vaksenopplegget. Dette samla rundt 50 barn begge dagane. Vidare arrangerte dei eit ungdomstreff laurdag kveld.

### **Ungdomsmøtehelg 1 20.-22. mai**

24.-26. mai var det ungdomsmøtehelg i Kyrkjekrinsen bedehus, Åsane. Dette arrangerte ungdomskonsulentene i samarbeid med ein komite med representantar frå dei ulike ungdomslaga i kretsen. Målet med helga var å samle ungdomar frå heile kretsen, slik at dei kunne få oppleve at dei er med i ein større samanheng. I tillegg ynskte ein å gje dei god undervisning, og at dei skulle få moglegheita til å treffe igjen andre ungdomar dei har vore på leir med på Raknestunet. Helga vart ein suksess og samla ca 100 ungdomar både fredag og laurdag kveld, og ca 70 personar søndag.

### **Raknestundagen**

Denne dagen vart arrangert 18. august. Dette er ein flott dag til å treffe igjen borna og ungdomane som har vore på leir om sommaren, og ikkje minst kan dei få treffe igjen kvarandre. Det var eige opplegg for borna parallelt med føremiddagsmøte for dei vaksne. Om ettermiddagen var det familiesamling for alle. Her vart det vist film/bilete frå sommarleirane, og fortalt glimt av sommararbeidarane, og vidare snakka mykje om arbeidet som blir drive på Raknestunet.

## **Ungdomsmøtehelg 2**

21.-23. november var det ungdomsmøtehelg i Knarvik Misjonshus. Dette arrangerte ungdomskonsulentene i samarbeid med ein komite med representantar frå dei ulike ungdomslaga i kretsen. Målet med helga var å samle ungdomar frå heile krinsen, slik at dei kunne få oppleve at dei er med i ein større samanheng. I tillegg ynskte ein å gje dei god undervisning, og at dei skulle få moglegheita til å treffe igjen andre ungdomar dei har vore på leir med på Raknestunet. Helga vart ein suksess og samla rundt 100 ungdomar fredag - søndag.

**→ Alle arrangement arrangert av NHI er opne for alle som vil, uavhengig av medlemskap i lokallag eller annan tilhørighet.**

## **BARNE OG UNGDOMSRÅDET (BUR):**

Etter årsmøtet i juni 2013, og deretter konstituering såg BUR slik ut:

Olav Andre Soltveit (leiar)

Sandra Solemdal

Vegard Berland

Sindre Kvalheim

Siri Elisabeth Bernssen

## **Varamedlemer:**

Eirin Fotland

Astrid Sande

BUR har tatt opp saker som angår arbeidet til Barne- og Ungdomsavdelinga til NHI. Dei har kome med mange gode og inspirerande innslag som har vore til stor hjelp i arbeidet. Dei har også hatt ansvar for Barnas Nyårsmøte og Barnas Årsmøte.

BUR hadde 4 møte i året som gjekk. Ungdomskonsulentene møtte, saman med barnekonsulentene og ein representant frå krinsstyret. Eit av desse styremøta var saman med kretsstyret der vi tok opp aktuelle felles saker.

## **NORDHORDLANDSBUA.NO**

Barne- og ungdomsavdelinga har egne nettsider: [www.nordhordlandsbua.no](http://www.nordhordlandsbua.no). Her legg ein ut bilete frå leirane våre, andaktar, reportasjar og informasjon om ulike arrangement. Ein ser at denne sida blir brukt aktivt, spesielt av leirdeltakarar som ynskjer å sjå bilete frå leirar dei har vore på, og ungdomar som ynskjer å fylgje med på det som skjer i krinsen.

## **Organisasjonen sin økonomiske stilling**

Nordhordland Indremisjon er drive basert på og avhengig av frivillige gåver. Vi mottar ingen støtte frå andre enn eventuell støtte frå Hordaland Barne- og Ungdomsråd.

### **Generelt positivt:**

- Leirane våre er framleis populære! 2013 vart eit år med uvanleg mange deltakarar på tenåringsleirane våre. Mange av deltakarane har reist på leir sidan dei var barn, og vi ser at vi lykkast i å få dei med heile barne- og ungdomstida. Det er svært gledeleg!
- Det har enno ikkje vore vanskeleg å få med frivillige leiarar til tenårings- og ungdomsleirane me arrangerer. Mange som har vore deltakarar tidlegare år ynskje no å gjere ein innsats sjølv for at andre igjen også skal få oppleve leir. Det viser at dei sjølv har hatt gode opplevingar på leir dei ynskjer å vidareføre til andre.
- Ungdomsmøtehelgene har vore til stor inspirasjon for ungdomane våre i kretsen
- Me ser på BUR som eit positivt organ som kan bidra mykje inn i arbeidet vårt.

### **Utfordringar;**

- Ein ser behovet for å fylgje opp leiarane i dei lokale laga på ein betre måte, og utruste og inspirere dei til nye ting. Her føler vi tida ikkje strekk til. Noko av grunnen kan være at vi nå arrangerer fleire leirar i året enn for to-tre år sidan, noko som gjer at konsulentane må bruke meir arbeidstid på leir, og har mindre tid til dei lokale laga.
- Det er alltid behov for nytenking i eit barne- og ungdomsarbeid, og konsulentane kjenner at dei daglege arbeidsoppgåvene tar så mykje tid at det blir lita tid til å sjølv bli inspirert og fornya. Dette ynskjer ein at det etter kvart kan prioriterast meir tid til.

Det er mykje flott arbeid som blir drive. Me opplever framleis ein generell optimisme og glede, både hjå frivillige som står i arbeid lokalt og mellom arbeidarar på krinsplan. Me ser fram mot ei nytt arbeidsår i 2014.

Frekhaug 28.02.14

Solveig Hosøy

- Vikarierende ungdomskonsulent Nordhordland Indremisjon